

## Årsmelding frå ungdomsutvalet 2015

Ungdomsutvalet har i år bestått av Siv Tone Rossevætn (leiar), Kristin S. Øksendal, Kåre Vidringstad, Geir Stølen og Oddvar Nordfonna. Utvalet har hatt eit møte i år, kor vi planla ungdomsutvalet sin aktivitet det kommande året. Utover dette har e-post og telefon vore nytta.

I mars deltok Siv Tone og Kristin på årsmøtet i VABUR, og som tidligare år sto Kenneth Stubstad for søknaden om midlar frå VABUR. Resultatet vart at vi fekk 29400 kroner og bruke på ungdommen i samlaget.

### 15-meter

Som tidlegare år vart 15- meter karusellen avslutta etter at årsmeldinga for 2014 vart skrive. Totalt har det delteke 38 skyttarar i karusellstemner, mens det var 21 skyttarar som skaut nok stemner til å fullføre karusellen. I rekrutt var det 10 stk. som fullførte, Martin Eiken. I eldre rekrutt var det 8 stk. som fullførte og seiaren gjekk til Hanne Vidringstad. I junior klassen klarte ein ikkje skila 1. og 2. plassen etter dei ordinære karusell stemna og det måtte omskifting til. Då vist Alvilde nok ei gong kven som er best, og vann omskiftinga føre klubbkamerat Sindre Skoie.

Eit anna gledelig resultat kom frå junioren Karen- Oline Jacobsen som heile sesongen har valt å skyte i klasse 4. Dette hindra ho ikkje i å nå høgt opp på samanlagtlista i kl 3-5. Ho kom så høgt opp som på 8. plass og fekk også årets ærespris. Ikkje verst til å vere siste års junior.

Årets samlagsstemne 15 meter fann stad i Lyngdal. I klasse rekrutt vart det ein suveren siger til nykommaren Mathias Flikka, han var 7 poeng føre 2. plassen. I Eldre rekrutt var det fleire skyttarar enn på lenge, heile 14 stk. deltok i denne klassen. Speiaren gjekk til Elias Breiland Hetland som vant med 348 poeng, etter å ha skutt 100 p i finalen. Magne Tobias Jonassen leda med 249 før finalen, men var ikkje heilt heldig med dei siste 10 skudda. I junior klassen er det jentene som regjerer. Hanne Vidringstad gjekk seirande ut av duellen med fantastiske 348 poeng som ny opprykka junior. Med dette så vart meir rutinerte Alvilde Røiseland henvist til 2. plass.

Slik som i fjor vart det også arrangert lagskyting under samlagsstemnet. Samansetninga av laga er ganske open noko som gjer at mange ungdommar fekk vere med på denne. Fleire av laga var reine rekrutteringslag eller blanding av rekrutteringsskyttarar og nye klasleførte. Lagskytinga er det knytt mye spenning og forventing til. I år var det Flikka som stakk av med sigeren, på laget hadde dei med seg rekrutten Mathias Flikka og eldre rekrutten Rune Oma Urstad.

I år hadde det tradisjonelle sørlandsstevnet 15-meter endra namn til LDK. Stemnet vart arrangert av Mælum, noe som betydde ein lengre kjøretur for dei som ønska å delta. Å sjølv sagt var det ein del av dei ivrigaste som hadde teke turen for å kjempe mot eigen pers og andre sine poengsummar. Martias Flikka var den einaste rekrutten som var på plass for å forsvere Vest-Agder si ære i denne klassen, han ende på ein 5. plass. I eldre rekrutt var Rune Oma Urstad best frå samlaget med 346 p og ein 4. plass. Øvrige skyttarar var Jonas. S. Øksendal og Sondre Svinstad. I junior klassen henta Alvilde heim ein bronsemedalje etter å ha prestert 346 p, mens Sindre Skoie kom på ein 5. plass.

## **Felt:**

I årets feltkarusell var det totalt 16 rekrutteringsskyttarar som deltok, 11 av desse deltok på nok stemner til å fullføre karusellen. I rekrutklassen var det 3 stk. som fullførte, best var Tommy Lie Hortmann. Vidare i eldre rekrutt av det Sondre Svinstad som vant. I denne klassen var det 5 som fullførte. Juniorklassen vart Karen S. Øksendal best av dei 3 som fullførte karusellen. I samanlagtprimeringa henta Holum heim samtlege premiar med unntak av 2. plassen i rekrutt som gjekk til Marianne Rossevatn. Ungdommen frå Holum er ikkje bare flinke på finfelt, men også på grovfelten noe junioren Alvilde Røyseland har bevist. Ho toppa karusellen i klasse 4, og fekk 3. plass samanlagt i grovfeltkarusellen. For desse prestasjonane fekk ho æresprisen som bare kan vinnast ei gong. Så då er det oppnådd.

Samlagsstemnet vart arrangert av Lindesnes skyttarlag. Det deltok 23 rekrutteringsskyttarar inkludert 3 aspirantar. I rekrutklassen vann Tommy Lie Hortmann. Eldre rekrutt vart vunne av Rune Oma Urstad, mens Karen S. Øksendal vann junior klassen. Spesielt gledelig er det å sjå at det er fleire som deltok på samlagsstemnet felt enn det var på feltkarusellen, det er også fleire skyttarlag representert.

Årets LDK føregjekk i strålende vårvær og nesten vindstille på Time sin skytebane. Det fine veret sto ikkje i stil med resultata som vart oppnådd. Ingen av ungdomsskyttarane våre nådde finalen. Positivt var det derfor at Alvilde Røyseland fortsette dei gode prestasjonane i grovfeltløypa med 26 treff, noe som var 2 treff unna finaleplass.

## **Bane:**

I årets banekarusell deltok det totalt 35 ungdommar, 21 av desse deltok i nok stever til å fullføre karusellen. Rekrutt klassen var den klassen med därlegast oppslutning, her var det 8 stk. som deltok og 4 som fullført. Martias Flikka vart best. I eldre rekrutt var det heile 17 som deltok, av desse var det 11 som fullførte karusellen. Karusellstevna var ikkje nok til å skile dei to beste skyttarane. Rune Oma Urstad og Sigve Vidringstad måtte ut i omskyting, Rune vant. I junior klassen fortsatte Alvilde Røyseland å vise kven som er sjefen, ho vann også i år junior klassen. Av dei 10 juniorskyyttarane som deltok var det seks som fullførte karusellen. Samanlikna med fjarårets deltaking så er det omtrent like mange som fullfører karusellen i år som i fjor, mens det har vore 10 skyttarar meir i år som har delteke i banekarusellen.

Samlagsstemnet vart arrangert på Grindølen sin skytebane med Bjelland skyttarlag som arrangør. Her deltok så å seie dei same skyttarane som fullførte karusellen. I aspirantklassen var det 3 deltagarar frå 3 ulike skyttarlag. Det er bra at det er fleire skyttarlag som har aspirantar med på stemner, men skulle ønske det endå fleire. Om ikkje får desse skyttarane få å konkurrere med om noen år. Under finalen i rekrutt fekk fleire av skyttarane kjenne på finalenervane. Når finalen var skutt og seriane anvisst var rekkefølgjen blitt ein anna enn kva som var utgangspunktet, Christian Rinde vann. I eldre rekrutt var det som vanleg hard kamp om plassane, Rune Oma Urstad gjekk tilslutt av med seiaren. Juniorklassen vart vunne av Benedikte Dragland sidan ho hadde fleire sentrum enn Marius Rinde. I årets samlagsstemne gjorde også unge seniorskyttara det bra. Ruth Jane som skyter 2. året i klasse 3 feide all motstand av garde og fekk som første kvinne napp i grunnlagspokalen.

I år igjen vart LDK arrangert på den nye skytebanen i Kristiansand. Heile 23 ungdommar frå samlaget deltok på stemnet. I rekrutklassen klarte Martias Flikka og Malin Wårøy Møll å komme til finale.

Begge to deltok på LDK for først gong. Martias skaut 100 i finalen og sikra seg dermed ein 4.plass, fullt så bra gjekk det ikkje for Malin i den utfordrande vinden. Ho fekk 94 og ende på 11.

I ER hadde vi fire finaledeltakarar. Dette var Sigve Vidringstad, Rune Oma Urstad, Martin Eiken og Elias Breiland Hetland. Dei endre på henholdsvis 6., 8., 11. og 14 plass. Både Rune og Sigve skaut fullt hus i finalen. I Junior klassen vart det pallplasser, ikkje mindre enn 2. Alvilde Røiseland tok sølvmedaljen, og Hanne S. Vidringstad tok bronse, begge hadde 348 p. Alvilde og Hanne var dei to einaste juniorane som kvalifiserte seg til finale, så utteljinga der var det ingenting å seie på. Dei skaut nærmast sjølvstagg fullt hus i finalen.

På årets LS var det heile 23 rekrutteringsskyttarar som deltok. Noe som faktisk er fleire enn det var som fullførte banekarusellen. Noe som tyder på at LS er eit store høgdepunkt også for ungdommen. Mye god skyting var det, og fleire finaleplassar vart sikra. Alvilde Røiseland, Hanne Vidringstad, Benedikte Dragland, Sindre Skoie, Marius Rinde, Malin Wårøy Møll og Christian Rinde sikra seg alle plass i feltfinalen. Men Tommy Lie Hortmann, Hanne Vidringstad og Benedikte Dragland sikra seg plass i banefinalen. Best gjekk det for Tommy som skaut seg opp til ein 26.plass i rekrutt. Karen S. Øksendal var den einaste junioren frå Vest-Agder som fekk 30 treff innleiane på feltrunden og fekk 10/3 i finalen, totalt 40/3.

## 350-klubben

I år har samlaget fått 3 nye medlemmar av 350-klubben. Det er Martias Flikka kl R, Rune Oma Urstad kl ER og Sigve Vidringstad kl ER. Gratulerer med kjempe prestasjon.

## Samlingar:

Dette året har ungdomsutvalet arrangert 3 samlingar. Første samling var i Farsund 5/5, denne kvelden møtte 20 ungdommar opp. Det var mykje bra instruksjon og skyting denne kvelden. Vidare fortsette vi med feltsamling i Holum i midten av juli. Her var årets LS-felt satt opp og skyttaren fekk prøvde seg på desse figurane. Det var også mogleg å prøve stang og felthurtig. Etter skyting var det grilling. Det møtte 19 ungdomsskyttarar denne kvelden, alt frå aspirant til junior. I september var vi tradisjonen tru på tur til Ungdomsstevnet i Numedal. Til Numedal var det 9 skyttarar + foreldre og leiarar som reise. Vi reiste fredags ettermiddag og kom heim igjen søndagskveld. Både ungdom og leiarar koste seg på tur. Menyen på laurdagskvelden vart einstemmig vedteken, det vart taco. Dei sportslige resultata vart ikkje det heilt store i år. Ingen av deltakarane tok seg vidare til finale. Tommy Lie Hortmann var nærmast, han mangla kun eit poeng. Han skaut forøvrig 248 p på Flesberg og fekk dermed ein fin 2. plass.

## Lagskytingar:

Under LDK i Kristiansand gjorde begge laga det godt under samlagsskytinga. 1. laget kom på 3. plass og fekk med det med seg ein bronsemedalje, mens 2. laget kom på 4. plass. Det var gjevn og god skyting av alle etappane. Bronselaget besto av Sigve Vidringstad, Rune Oma Urstad, Hanne S. Vidringstad og Alvilde Røiseland på ankeretappen. Laga hadde 396 p og 393 poeng.

Årets LS vart ein skikkelig opptur for ungdomslaget. Med 398 skaut dei seg opp til ein 7. plass og vart med det best av Agder laga. Laget besto av Sigve Vidringstad, Rune Oma Urstad, Benedikte Dragland

og Alvilde Røiseland. Seinare på hausten beviste Vest-Agder igjen at vi er best på Agder i lagskyting når vi i år som i fjor vant samlagsskytinga på Agderstevnet.

Ungdomsutvalet ønskjer å takke for all den gode aktiviteten som blir drive rundt om i skyttarlaga. Det er der ungdommen blir rekruttert til skytesporten. Samlagets ungdomsutval vil vere med på støtte skyttarlaga, bidra til at skyttarane blir betre kjent med andre i samlaget og arrangere samlingar for ungdommen som er komme over nybegynnar stadiet. Vidare ønskjer vi å takke foreldre som er med på samlingane. Utan dykk hadde det blitt mykje vanskeligare å få gjennomført desse.

Lykke til med det gode arbeide som blir gjort ute i skyttarlaga. Og lykke til med skytinga.

Ungdomsutvalet v/ leiar

Siv Tone Rossevatn